



Møteprotokoll

Utval	Kontrollutvalet
Møtestad	Konferanserommet 2. etg., Tinghuset Voss
Dato	10.06.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 13:00

Frammøtte	Parti
Solvor Dolve	Ap
Knut Opheim	INP
Kathrine Løno Lahlum	KU
Morten Gunnar Samskott	Sp
Eyvind Eidhammer	V

Protokollfører:
Richard Nesheim

Møtenotat

Andre som var tilstades i heile eller delar av møtet:

Frå Vestlandsrevisjon IKS:
Arne Gilbakken, forvaltningsrevisor,
Bjarte Urnes, ansvarleg rekneskapsrevisor

Frå administrasjonen:
Martin Kulild, rådmann,
Liv Myklebust, stabssjef for strategi og styring,
Magnar Helland, skulesjef,
Ingeborg H. Uppheim, kommunalsjef oppvekst,
Rune Granli Slettemark, internkontrollrådgjevar

Kathrine Løno Lahlum
Leiar i kontrollutvalet
Sign.

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-15/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-16/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-17/26	Tertialrapport 1-2026
PS-18/26	Skriv og meldingar - saker til orientering
PS-19/26	Rapportering frå revisor knytt til forenkla etterlevingskontroll
PS-20/26	Presentasjon av overordna revisjonsstrategi for rekneskapsåret 2026
PS-21/26	Stadfesting av revisor si uavhengigheit 2026
PS-22/26	Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

15/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 15/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

16/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 16/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

17/26 Tertialrapport 1-2026

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Stabssjef for strategi og styring, Liv Myklebust, orienterte kort om 1. tertialrapporten og gjekk gjennom ein presentasjon. Det vart høve til å stilla spørsmål.

Presentasjonen som vart gjennomgått vert lagt ut på heradet sine heimesider på sida: **Presentasjonar i politiske utval for 2026.**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 17/26 Vedtak

Tertialrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

18/26 Skriv og meldingar - saker til orientering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

1. Skriv og meldingar, samt orienteringar i møtet, vert tekne til vitande.
2. Kontrollutvalet vil be om følgjande orienteringar til neste møte:

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Kontrollutvalet hadde til møtet bede administrasjonen om orienteringar om følgjande saker:

1. Skulesjef Magnar Helland orienterte om status kring mobbing i Vossaskulen med bakgrunn i tala som kom fram i kvalitetsmeldinga for Vossaskulen.

Helland gav ei grundig orientering om korleis ein i skulane på Voss jobbar med å kartlegge mobbing og kva tiltak ein gjer for å redusera problemet med mobbing. Det er ulike tilnærmingar på ulike skular.

Frå hausten av skal 4 skular som strevar med læringsmiljøet starta med å bruka PALS-modellen. Dette er eit program der ein skal jobba systematisk i tre år med å betra skulemiljøet. Dette er ein modell som Helland har gode erfaringar med frå tidlegare.

Avslutningsvis oppsummerte skulesjefen med at ein framleis har ein 0-visjon knytt til mobbing. Men det er og slik at mobbing i dag er blitt veldig mykje vanskelegare å ta tak i enn det var tidlegare, no som mykje av mobbinga skjer via sosiale media og mobbing kan skje døgret rundt.

2. Stabssjef for strategi og styring, Liv Myklebust og rådmann Martin Kulild orienterte om rådmannen si oppfølging av rapporten om heilskapleg organisasjonsgjennomgang. Med bakgrunn i rapporten er det lagt fram forslag til innsparingstiltak. Oppdraget som ligg til grunn for rådmannen er at ein skal oppnå netto driftsresultat på 1,75% innan utgangen av 2027. I følgje rådmannen må ein realisera omstilling som gjer tenestene og økonomien berekraftig. Framlegget som er lagt fram for politisk handsaming inneber kostnadsreducerande tiltak, omorganisering og samlokalisering.

I høve til det som låg som framlegg i rapporten frå PwC har ein justert ein del tiltak i høve til kva ein ser som realistisk å gjennomføra. Framlegget til innsparingstiltak inneber årlege innsparingar på om lag 20 mill. kr meir enn det som allereie ligg inne i økonomiplanen.

Kulild og Myklebust gjekk gjennom forslaga som no blir lagt fram til formannskap og heradsstyre knytt til omstilling.

3. Internkontrollrådgevar Rune Granli Slettemark orienterte om oppfølginga etter tilsynet med kommunal beredskapsplikt som vart gjennomført av Statsforvaltaren i 2025.

Det vart lagt fram ein endeleg tilsynsrapport 5.9.25 som konkluderte med 3 lovbrøt. Etter dette fekk ein frist for retting til den 10.10.25. Tiltak for retting vart sendt inn innan fristen og i november fekk ein tilbakemelding om at planen for retting av lovbrøt er godkjent.

Nærare detaljar om dei konkrete avvika og planen for retting går fram av presentasjonen som Slettemark hadde for kontrollutvalet.

Presentasjonane som vart gjennomgått frå administrasjonen si side vert lagt ut på heradet sine heimesider på sida: **Presentasjonar i politiske utval for 2026.**

Kontrollutvalet drøfta kva orienteringar ein ønskjer frå administrasjonen til neste møte, og vart samde om dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 18/26 Vedtak

1. Skriv og meldingar, samt orienteringar i møtet, vert tekne til vitande.

2. Kontrollutvalet vil be om følgjande orienteringar til neste møte:

- Kontrollutvalet ber om ei orientering om korleis administrasjonen vurderer utfordringane knytt til rekruttering til stillingar i Voss herad og kva tiltak ein har sett i verk, eller kva ein har plan om å sette i verk, for å sikre rekruttering av arbeidskraft framover. Kontrollutvalet ønskjer både orientering om dagens rutinar og om ein har planar om endringar framover.

- Kontrollutvalet ber om ei orientering knytt til status på handlingsplanen for kommunale bygg, dersom denne er klar til møtet i september. Eventuelt ønskjer ein denne orienteringa til møtet i november

19/26 Rapportering frå revisor knytt til forenkla etterlevingskontroll

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til rapportering frå revisor etter gjennomføring av forenkla etterlevingskontroll av Voss herad si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga knytt til gjeldsforvalting. Rapporten gjeld kontrollar innanfor perioden 2024-2025.

Revisor har, basert på dei utførte kontrollhandlingane og innhenta informasjon, ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev grunn til å tru at Voss herad ikkje har etterlevd gjeldande regelverk knytt til gjeldsforvalting i finansreglementet.

Kontrollutvalet tek til vitande at revisor har gitt ein konklusjon utan atterhald i sin attestasjonsuttale.

Resultatet av etterlevingskontrollen og kontrollutvalet sitt vedtak skal sendast over til orientering for heradsstyret.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Revisor Bjarte Urnes presenterte resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen.

Presentasjonen som vart gjennomgått vert lagt ut på heradet sine heimesider på sida: **Presentasjonar i politiske utval for 2026.**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 19/26 Vedtak

Kontrollutvalet viser til rapportering frå revisor etter gjennomføring av forenkla etterlevingskontroll av Voss herad si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga knytt til gjeldsforvalting. Rapporten gjeld kontrollar innanfor perioden 2024-2025.

Revisor har, basert på dei utførte kontrollhandlingane og innhenta informasjon, ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev grunn til å tru at Voss herad ikkje har etterlevd gjeldande regelverk knytt til gjeldsforvalting i finansreglementet.

Kontrollutvalet tek til vitande at revisor har gitt ein konklusjon utan atterhald i sin attestasjonsuttale.

Resultatet av etterlevingskontrollen og kontrollutvalet sitt vedtak skal sendast over til orientering for heradsstyret.

20/26 Presentasjon av overordna revisjonsstrategi for rekneskapsåret 2026

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin gjennomgang av overordna revisjonsstrategi til orientering.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Revisor Bjarte Urnes presenterte den overordna revisjonsstrategien og gjekk gjennom kva område det vil vere særskilt fokus på i revisjonen for rekneskapsåret 2026.

Presentasjonen som vart gjennomgått vert lagt ut på heradet sine heimesider på sida: **Presentasjonar i politiske utval for 2026.**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 20/26 Vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin gjennomgang av overordna revisjonsstrategi til orientering.

21/26 Stadfesting av revisor si uavhengigheit 2026

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisorane sine stadfestingar av uavhengigheit til orientering.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 21/26 Vedtak

Kontrollutvalet tek revisorane sine stadfestingar av uavhengigheit til orientering.

22/26 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet går gjennom utkast til prosjektplan i møtet og godkjenner denne, med eventuelle endringar.

Kontrollutvalet 10.06.2026

Handsaming

Forvaltningsrevisor Arne Gilbakken orienterte om prosjektplanen. Prosjektplanen gjeld ei mindre undersøking for å følgje opp i kva grad Voss herad har etablert rutinar og system som sikrar eit korrekt, fullstendig og etterprøvbart grunnlag for refusjon av ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Kontrollutvalet fekk høve til å stilla spørsmål. Det var ingen innspel til endringar i prosjektplanen. Frå kontrollutvalet si side var det ønskje om at rapporten vert lagt fram til det første møtet i kontrollutvalet neste år.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 22/26 Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner utkast til prosjektplan. Kontrollutvalet ber om at det vert lagt opp til at rapporten vert klar til å leggst fram på det første møtet i kontrollutvalet i 2027.